



Nokre av dei som overvar salmekvelden

**I underkant av 30 møtte fram til salmekveld i kyrkja søndag kveld. Reidar Algerøy og Kristian Bringedal baud på eit program sett saman av tradisjonstoff og nyskaping.**

**Sentralt i programmet var salmar av Elias Blix ( 1836 - 1902 )**

Blix var salmeldiktar, bibelomsetjar, lingvist og statsråd.

Han vert saman med Anders Hovden og Bernt Støylen rekna til drivkreftene bak den nynorske salmeskatten vi har i dag, både med orgialtekstar og med omsetjingar. Dei mest kjende og folkekjære salmane er: No livnar det i lundar, Gud signe vårt dyre fedreland, Sjå dagen sprett, Himmelsk Fader, No soli bakom blåe fjell og Med Jesus vil eg fara.

I neste bolck kom det fram ynskje frå dei frammøtte. Organisten, Reidar Algerøy, fann melodiane og stod for tonefylgje. Den kjende Lina Sandell sin salme, Blott ein dag, vart framført i Johannes Gjerdåker si omsetjing: Kvar ein dag, kvar augneblink om gangen. Forfattar og journalist Aldred Hauge har omsett den svenske salmen Guds kjærleik er som stranda og som graset. I pausen var det kaffi og kaker og tid for litt prat.



Organist Reidar Algerøy hadde eit godt grep om tonefylgje

Om det er ynskje for det, bør ein halda fram med salmekvelder i Uskedalskyrkja.

I det kyrkjelege arbeidet med Ny salmebok, kan det vera nyttig å kjenna til og vera medvitne om kva salmeskatt vi har.

Ved eit seinare høve bør vi invitera med kor, songgrupper og solistar.